



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.08.2013

Vår ref.: 2013/4253

Arkivnr.: 461.4

Klepp kommune
Postboks 25
4358 Kleppe

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Klepp kommune - Oversending av rapport etter undersøking av kommunen som miljøvernmynde etter forskrift om organisk gjødsel

Vi syner til varsla undersøking av Klepp kommune og vedlagte rapport. Rapporten tar for seg avvik og merknader som blei avdekkja under undersøkinga.

Undersøkinga er landsomfattande, og inngår i eit arbeid sett i gang etter initiativ frå Miljødirektoratet. Forskrift om organisk gjødsel er under revisjon, og erfaringane frå kommuneundersøkingane skal nyttast i revisjonsarbeidet. Det har blitt gjennomført undersøkingar i tre kommunar i kvart fylke. Fylkesmannen vil takke Klepp kommune for eit godt samarbeid.

Kommunen må snarast rette opp funna. Fylkesmannen ber om at det blir sendt ein skriftleg tilbakemelding innan **1. november 2013**, der kommunen gjer greie for tiltak som skal gjennomførast for å rette opp funna.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
fung. fylkesmiljøvernssjef

Monica Dahlmo
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Monica Dahlmo
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 66
E-post: fmromda@fylkesmannen.no

Kopi til:
Miljødirektoratet

Postboks 5672 Sluppen 7485 Trondheim



Fylkesmannen i Rogaland

Miljøvernnavdelinga

Sakshandsamar: Monica Dahlmo
Telefon: 51 56 89 66

Arkivnr.: 410
Saksnr.: 2013/4253
Rapport nr. 2013.004.R.FMRO

Rapport etter undersøking av Klepp kommune - Miljøvernområdet

Namn: Klepp kommune	
Postadresse: 4352 Kleppe	Organisasjonsnr.: 974549638
Besøksadresse: Solavegen 1, Kleppe	Bransjenr. (NACE-kode): 84.110
Kontrolldatoer: 21. mai 2013	Kommunenr.: 1120
Kontaktperson i verksemnda: Atle Barkve	Kontrollgruppe: Marit Sundsvik Bendixen, Monica Dahlmo frå Fylkesmannen og Margit Årreskjold frå Miljødirektoratet (tidligere Klima- og foreiningsdirektoratet)

Samandrag:

Undersøkinga omfatta følgjande tema:

Forureining: Korleis kommunen som styresmakt vedrørande forureining

- a) fører tilsyn med forureiningssituasjonen og med forureining frå landbruket spesielt
- b) forvaltar forskrift av 4.7.2003 om gjødselvarer mv. av organiske gjødsel del III

Resultat frå kontrollen:

Det ble gjort 2 funn i undersøkinga:

- Ved handsaming av søknadar om bygging av gjødsellager viser kommunen ikkje til at saka er vurdert etter forskrift om organisk gjødsel. Det vises berre til at saka er drøfta med landbruksansvarlege i kommunen.
- Ikkje alle gjødsellager blir kontrollert og godkjent før de blir tatt i bruk.

Det ble gitt merknader til 2 forhold:

- Kommunen manglar ressursar til å gjere synfaringar av generell karakter for å vurdere avrenning frå utesilo-anlegg der graset er lagt rett på bakken.
- Kommunen har ikkje rutinar for å vurdere om handtering av vaskevatt i fjørfebygg og frå mjølkerom er tilfredstillande etter gjeldande regelverk.

Dato:

Marit Sundsvik Bendixen
fung. fylkesmiljøvernshjef

Monica Dahlmo
rådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev difor ikkje signatur.

1. Innleiing

Denne rapporten er utarbeida etter ei undersøking i Klepp kommune i mai 2013.

I undersøkinga blei det sett på korleis kommunen forvaltar forskrift om organisk gjødsel del III, bruk og lagring av husdyrgjødsel og silopressaft. Det blei fokusert på korleis kommunen som styremakt på dette området sikrar at bruk og lagring av husdyrgjødsel og silopressaft ikkje fører til forureining.

Rapporten viser berre funn og merknader som vart avdekka ved undersøkinga. Rapporten gir difor ingen fullstendig vurdering av korleis kommunen arbeider med dette temaet.

Undersøkinga er landsomfattande, og inngår i eit arbeid satt i gang etter initiativ frå Miljødirektoratet. Forskrift om organisk gjødsel er under revisjon, og erfaringane frå kommuneundersøkingane skal nyttast i revisjonsarbeidet. Undersøkinga er utført som systemrevisjon. Miljødirektoratet deltok på undersøkingane i Rogaland, då Rogaland nasjonalt sett er i ei særstilling med omfattande husdyrproduksjon.

Undersøkinga blei gjennomført ved gransking av dokumenter og ved intervju av tilsette i kommunen. Rapporten handlar om funn og merknader som vart avdekka i undersøkinga.

2. Definisjonar

- Funn er brot på krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- Merknad er forhold som ikkje vert omfatta av definisjon for funn, men der tilsynsmyndigheita peikar på eit betringspotensial som med tida kan verta eit brot på regelverket.

3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for undersøkinga var:

- Aktuelle lovar og forskrifter
- Kommunens eigen dokumentasjon knytt til den daglege drift og forhold av betydning for tema for undersøkinga.

Dokument som er spesiell viktig for gjennomføring av undersøkinga er lista opp på side 4.

Oppdatert lovverk er tilgjengeleg på www.lovdatab.no. Sjå og www.regelhjelp.no

4. Resultata frå kontrollen

Det ble gjort 2 funn i undersøkinga:

Funn 1:

- Ved handsaming av søknadar om bygging av gjødsellager viser kommunen ikkje til at saka er vurdert etter forskrift om organisk gjødsel. Det vises berre til at saka er drøfta med landbruksansvarlege i kommunen.

Funnet baserer seg på:

Innsendt dokumentasjon på handsaming av søknad om bygging som inkluderer gjødsellager, og stadfesting av dette gjennom intervju.

Funn 2:

- Ikkje alle gjødsellager blir kontrollert og godkjent før de blir tatt i bruk.

Kommentarar til funna:

Søknadar om gjødsellager blir handsama etter plan – og bygningslova i kommunen. Det er vanlig praksis at saker som vedrører landbruk blir drøfta med landbruksansvarlege. Der landbruksansvarlege har merknader blir dette tatt inn. Kommunen kan lett etterkomme funnet gjennom å vise til at søknaden også er handsama etter forskrift om organisk gjødsel i sine svarbrev til søkjarane. Kommunen bør utarbeide skriftlege rutinar og sjekklister der det er lista opp kva moment som skal vurderast i handsaminga, og kven som skal involverast. Krav i forskrifta om at kommunen skal godkjenne og kontrollere gjødsellager før det kan takast i bruk, er strengare enn krav til kontroll etter plan – og bygningslova. Kommunen har som praksis å kontrollere alle bygg som har fått tilskot frå Innovasjon Norge.

Regelverk

§ 20 tredje ledd: *”Ved nybygg, utvidelse og utbedring av lager for husdyrgjødsel skal kommunen godkjenne plan før arbeidet kan gjennomføres. Lageret kan ikke tas i bruk før det er kontrollert og godkjent av kommunen. Foretaket skal jevnlig kontrollere at anlegget fungerer som forutsatt og er tett mot lekkasje.*

Merknad 1:

- Kommunen manglar ressursar til å gjere synfaringar av generell karakter for å vurdere avrenning frå utesilo-anlegg der graset er lagt rett på bakken.

Kommentar:

Bruk av utesilo der graset blir lagt rett på bakken utgjer ein potensiell fare for avrenning avhengig av kor tørt graset er ved innlagring. Eventuell pressaft vil kunne renne via overflata eller gjennom grøftesystema til vassdraga. Det er svært lite pressaft som skal til før at vassdraga blir negativt påverka. I arbeidet med å betre vasskvaliteten i Jærvassdraga er god handtering av pressaft eit viktig tiltak. Kommunen skal etter § 29 føre tilsyn med at del III i forskrifta blir etterlevd. Krav til lager for silopressaft er omtalt i §21. Her visast det til tekniske retningslinjer fastsett av Landbruksdepartementet. Retningslinjene er gamle, og tek ikkje opp i seg problematikken kring bruk av utesilo.

Merknad 2:

- Kommunen har ikkje rutinar for å vurdere om handtering av vaskevatn i fjørfebygg og frå mjølkerom er tilfredstillande etter gjeldande regelverk.

Kommentar:

Vaskevatn på avvege vil vere ei punktkjelde til næringsavrenning. Gjennom intervju kom det ikkje fram klart fram kva som er normal praksis for handtering av vaskevatn, og om dette utgjer eit forureiningsproblem i kommunen. Særleg fjørfegjødsel er svært konsentrert og inneheld mykje næring. Den er tørr og kan fraktast bort i konteinrar. Mellom innsetta blir fjørfehusa vaska. Dette vaskevatnet vil kunne innehalde mykje næringsstoff. Det er omfattande fjørfehald i Klepp kommune, og kommunen bør vurdere risiko for næringsavrenning. Handtering av vaskevatn bør bli vurdert ved handsaming av søknadar om landbruksbygg.

Andre forhold

Det først ikkje register over leigd spreieareal. Det er knapt med spreieareal på Jæren, og det er vanleg å leige spreieareal hos andre, og å køyre husdyrgjødsel utover kommunegrensene. Det er arbeidskrevjande å føre register over leigd spreieareal, og det må samarbeidast utover kommunegrensene skal eit slikt register fungere. Mangel på spreiearealregister gjer at det er mogleg at same areal blir oppgitt av fleire føretak.

Kommunen har ikkje gjort vurderingar om krav til tap av nitrogen jamfør § 19.

5. Gjennomføring

Undersøkinga vart gjennomført som ein systemrevisjon. Den omfatta følgjande aktivitetar:

Opningsmøte og intervju: 29.05.2013

Informasjon frå Fylkesmannen om gjennomføring av undersøkinga. 8 personar blei intervju.

Slutt møte: 12.06.201

Oppsummering med presentasjon av resultata.

Dokumentasjonsunderlag for Fylkesmannen si undersøking

Nedanfor er dei dokumenta som var spesielt viktige som dokumentunderlag for undersøkinga lista opp:

- Lov av 13. mars 1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav del III
- Organisasjonskart for Klepp kommune
- Årsmelding 2012
- Delegasjonsreglement i Klepp kommune
- Døme på enkeltsaker

Deltakarar på Fylkesmannens undersøking

I tabellen under er det vist ei oversikt over deltakarane frå Klepp kommune som var tilstades på opningsmøte og kven som vart intervju og kven som var tilstades på slutt møte.

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Slutt møte
Ivar Undheim	Rådmann	X	X	
Kåre Strand	Kommunalsjef	X	X	X
Atle Barkve	Landbrukssjef	X	X	X
Bjørn Svela	Rådgevar landbruk	X	X	X
Elisabeth Vårlid	Rådgevar landbruk	X	X	X
Ragnar Rydning	Bygningssjef	X	X	X
Svein Oftedal	Rådgevar	X	X	
Terje Romslo	Fagleder kommunalteknikk	X	X	